



SANDE KOMMUNE
Rønnebergplassen 17, 6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00
postmottak@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

Møre og Romsdal Fylkeskommune,
Samferdselsavd.
Fylkeshuset

6404 MOLDE

<i>saksnr</i>	<i>løpenr.</i>	<i>arkiv</i>	<i>avd /sakshandsamar</i>	<i>dato</i>
2017/533	1696/2018	N02	RÅD OI	22.03.2018

FERJETILBOD I RUTE 01, LARSNES-ÅRAM-VOKSA-KVAMSØY

Eg viser til sak SA-58/17 Ruteendringar 2018, behandla av samferdselsutvalet i møte 13.11.2017.

I saksframlegget viste fylkesrådmannen til ulike løysingar på problema knytt til oppstillingsplassen på Larsnes ferjekai – rute 01. I den samanheng vart det også vist til at fylkesrådmannen hadde sendt brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om å splitte rute 12, og at svaret på dette også kunne gi føringar for korleis ein kan løyse utfordringane i rute 01.

Eg er kjent med at fylkeskommunen no har fått tilbakemelding frå departementet med positivt svar på søknaden for rute 12. Etter det eg forstår har ikkje fylkeskommunen så langt gjort ytterligare vurderingar for rute 01, men at dette no vil vere aktuelt knytt til førebuingsarbeidet for ny kontraktsperiode.

Det er opplagt stort behov for betring av reisetilbodet i rute 01 for fastbuande, næringslivet og andre reisande. Dagens ordning med ei ferje med 9 faste rundturar på kvardagar - 8 i helg - gir rutefrekvens på 2 timar og opptil 4 timar i helg. Dette gir lang reise- og ventetid, og er sårbart ved driftsstanser av teknisk eller vermessig art. Sjølv korte driftsstansar medfører ofte i praksis at øyane i Sande vert isolerte i fleire timar.

Eg legg til grunn at ev. splitting av eit samband vil medføre at fleire ferjefartøy vil trafikkere i sambandet. Med eksempelvis to ferjer i dette sambandet vil frekvensen kunne doblast i deler av døgnet – og dermed gi eit heilt anna tilbod enn tilfellet er i dag. Eg vil likevel understreke at hovedtyngda av trafikken i rute 01 går mellom Larsnes og øyane i Sande, og ei evt splitting i sambandet må tilpassast dette faktum.

Sande kommune er positive til at fylkeskommunen vurderer tiltak som kan betre ferjetilbodet i rute 01 mellom Larsnes – Åram – Voksa – Kvamsøy, og vi ynskjer å vere ein part i dette arbeidet. Vi ser i møte derfor informasjon og vidare dialog.

Med helsing

Oddbjørn Indregård
fung. rådmann

Kopi: Sande formannskap